

Dalen i Sentrum

Organ for eit balansert dalføre – nr 8. Mai 2008



Aksjeutviding. På ei ekstraordinær generalforsamling i 2007 vart det bestemt å auke aksjekapitalen i Velledalen i Balanse AS. Det same vedtaket vart gjort på generalforsamlinga i år, med utvida teikningsperiode, slik at nye aksjar kan kjøpast fram til 1.juli 2008.

Det er alt kjøpt aksjar for ca 70 000. Styret oppmodar velledalingane om å vere med på aksjeutvidinga. Teikningsblankettar kan hentast på Joker, eller ta kontakt med nokon i styret. Velledalen i Balanse AS er grendalaget i Velledalen, og har som alle veit, mange utfordringar framover. Den auka kapitalen skal brukast til nye tiltak. Den vil ikkje gå inn i butikkdrifta.

Nye rektorar. Kvar grend i Velledalen har sitt eige særpreg. På Hjorthol nærast aular det fram rektorar unna kvar ein stein. Kristin Grebstad er tilsett som rektor på skulen i Ullavika, medan Jon Hjortdal får same tittel på Stranda vidaregåande skule.

Berlinerbollar. Jokerbutikken går no godt. Det vart sett høge mål i budsjettet for 2008, og dei måla har kundane og dei tilsette innfridd. Ved utgangen av mai, ligg vi langt framom budsjettet. Styret er godt nøgde med vareutvalet no, og velledalingane er flinke til å bruke butikken. Vi har mykje ”fjellfolk” (hyttefolk) som kundar, og innimellom kjem det folk frå heile bygda for å gjere dagens handel. Laurdag 31. mai vert det gratis berlinerbollar + kaffi til til dei handlande. Gå ikkje glipp av det!!

Karakvelden fall i smak. Karakvelden som vart arrangert 17 mai har fått gode tilbakemeldingar. Så spørst det om det er damene sin tur neste gong..... eller om det vert eit løft i felleskap. Vi tek med nokre liner av ”Karane i Velledalen”

Skikkelege mannfolk du sjeldan får

Det finst ikkje mange i bygda vår

Men reiser du fram i Velledal

Primavare du fær i hopetal.

Fiskesesongen nærmar seg. Meld inn fangstar til Jarle Lade eller Atle Hole slik at vi kan få det med på www.velledalen.net eller i Dalen i Sentrum. (Meld for all del inn andre saker også. Siste tida har det vore temmeleg stille). Som mange sikkert hugsar vart Petter Skogvold ”årets fiskar” i 2007 med ein rugg på over 13 kilo.

Trimgruppetur. Trimgruppa i VIL arrangerer tur til Skrenakken (frå Kilsti) søndag 1.juni. Gruppa kjem nok med meir informasjon om turen i nær framtid. Sleng deg med !

Nybyggjing. Etter at det i fleire år har vore laber byggeaktivitet i Velledalen, ser vi no ei lysning med feire unge nybyggjarar. På biletet huset til Bjørn Ove Hole og Cecilie Vågsæther



This document was created with Win2PDF available at <http://www.win2pdf.com>.
The unregistered version of Win2PDF is for evaluation or non-commercial use only.
This page will not be added after purchasing Win2PDF.